

Evaluering av PRAKTINF – Praktisk informasjonsarbeid – våren 2025

Av Ivar Utne, vikar ein stor del av semesteret

Evalueringa byggjer på brev frå studiekonsulent Sissel-Karin Leknes 19.3.2025, med tittelen «Evaluering PRAKTINF V25».

Kort oppsummert

Alt i alt ser vi ikkje grunn til store endringar som følgje av denne evalueringa. Emnet har godt fungerande innhald og fungerande ordningar for tilpassing til arbeidslivet.

Detaljar for gjennomføring og vurderingar går fram av svar på dei seks spørsmåla vi fekk frå instituttadministrasjonen i samband med evalueringa dette semesteret.

Svar på dei seks spørsmåla i brevet frå administrasjonen kjem nedafor.

SPM. 1: Informasjon om oppfølging og eventuelle justeringer siden sist emneevaluering

SVAR 1:

Førre evaluering blei gjort for eit tilpassa opplegg under koronaen og er lite aktuelt å samanlikne med.

Opplegget vårsemesteret 2025 blei tilpassa ei vikarordning på kort varsel fordi den faste læraren var heilt sjukmeld den første halvdel av semesteret og tilbake på deltid etter det.

Overblikk over gjennomføringa vårsemesteret 2025, som bakgrunn for resten av evalueringa:

Som normalt blei det gjennomført vanleg **søknadsrunde** ved semesterstart. Vi hadde avtaler med 12 praksissteder. Derfor blei det teke opp 12 studentar.

PRAKTINF er todelt, med undervisning i kommunikasjonsarbeid og praksisopphald.

Gjennomføringa av **undervisningsdelen** av PRAKTINF vårsemesteret 2025 var for det meste gjennomført av ein vikar på grunn av sjukmelding. Det blei av den grunnen ikkje lagt vekt på å gjennomføre endringar. Det bygde på ein kombinasjon av vikaren sine erfaringar som ansvarleg på emnet for 10-15 år sidan meir kombinert med materiale frå 2024. Store delar av undervisninga blei som normalt gjennomført med timelærarar som har hatt same undervisning i få eller mange semester, og nokre delar med vikaren. Oppgåvelevering blei gjennomført dels med dei innleigde lærarane og dels med vikaren. Den faste læraren var med på undervisninga like før praksis.

Undervisninga omfatta skriveseminar, førelesingar, innspelte videoar og oppgåvelevering. Skriveseminara inneheldt pressemelding, korttekstar, og utforming av prosjekt (pitsjing). Tema i førelesingane var sosiale medium for praktisk yrkeskommunikasjon, karriereplanlegging og kommunikasjonsplanegging. Videoar innspelte av den faste læraren blei brukte i tillegg. Dei er laga for normal bruk. Dei omfatta temaa målgrupper og interessentar, mediekontakt, kommunikasjonsetikk og internkommunikasjon. Det var obligatoriske oppgåveleveringar bygde på skriveseminara.

Praksisgjennomføringa var delt mellom den faste læraren og vikaren.

Praksisen blei gjennomført med at studentane blei fordelte på praksisstader som den faste læraren i hovudsak hadde gjort avtaler med. Praksisbesøk blei fordelte mellom den faste læraren og vikaren. Det blei gjennomført 12 besøk, som alle var i Bergen sentrum, rundt ½-1 time kvar stad, med samtale om praksisen og om prosjektoppgåva som studentane skulle skrive for eksamen med grunnlag i avgrensa arbeidsoppgåver frå praksisen.

Eksamensarbeidet (vurderingsforma), inkludert oppgåverettleiing etter praksisen, blei gjennomført av den fast læraren. Vurderingsforma er meir omtalt nedanfor.

SPM. 2: Vurdering av faglig innhold, kobling til forskning på feltet og samsvar mellom emnet og studieprogrammene som emnet inngår i

SVAR 2:

Fagleg har det vore lagt stor vekt på undervisning med grunnlag i praktisk yrkeskvardag, men delar av undervisninga og pensumet er òg forskingsbasert. Opplegget no oppfattar vi som ein tenleg balanse. Det faglege innhaldet har endra seg mykje gjennom åra, ikkje minst fordi samfunnet har endra seg frå ein papirkultur til ein digitalkultur, og fordi den digitale kulturen har gått gjennom endringar. Val av innhald har først og fremst følgd den kvardagen vi ser studentane møter i praksisperiodane, samtaler med praksisstadene på besøk og elles, og dessutan oppfølging av kunnskap om kommunikasjonsfeltet både i publisert materiale og anna kontakt med feltet både i forskning og praktiske tilpassingar. For å halde oppe rein skriveopplæring har skriving av pressemeldingar og korte tekstar halde seg gjennom åra.

Om **studieprogram**. PRAKTINF blei starta opp hausten 2005 for å kunne vera eit valemne i BA-programmet Språk og kommunikasjon, ved HF. Programmet blei lagd ned etter få år. PRAKTINF har ikkje hatt fast tilknytning til bestemte studieprogram etter det. PRAKTINF har heile tida vore ope for studentar frå heile UiB med minst 120 studiepoeng, og emnet har på den måten vore meint som slutt på mange moglege BA-gradar. Det har vore mest studentar frå mediefaget ved SV-fakultetet og frå mange ulike HF-fag, som har hatt dette som moglege val i sine program, vel ofte som frie studiepoeng. Studentane frå mediefaget har kome fordi dei ikkje får annan praksis på sitt fakultet.

At PRAKTINF ikkje er nært knytt til bestemte studieprogram, kan lett gjera emnet utsett av formelle grunnar.

Om **programstyre**. PRAKTINF har gjennom mange år etter at BA-programmet for Språk og kommunikasjon blei nedlagd, vore knytt til programstyret for nordisk språk og litteratur ved LLE. Det er fordi tidlegare fast lærar i mange år, Ivar Utne, elles hadde stilling i nordisk språk. Dette har ikkje vore eit naturleg fagleg hopehav, særleg fordi PRAKTINF ikkje har nokon tydeleg plass innanfor programma i nordisk språk og litteratur. Kristian Bjørkelo har forskningstilknytning til digital kultur, slik at programstyret der kan vera like naturleg.

SPM. 3: Vurdering av pedagogiske valg, samsvar mellom emnets læringsutbyttebeskrivelse, undervisnings-, lærings- og vurderingsformer og refleksjon over studentens læring og gjennomføring som følge av disse valgene

SVAR 3:

Skriveseminara er den mest praktiske delen av undervisinga, og får gjennom alle år positiv tilbakemelding frå studentane. Det vil seia å forme tekstar som er korte og fokuserte, og er relevante for mange slags bruk i kommunikasjonsarbeid.

Dessutan fungerer **praksisopphalda** godt for å lære praktiske metodar og få innsyn og trening i å gjera praktiske val i mange ulike sider ved kommunikasjonsarbeid. Praksisen gir òg erfaring med korleis ein skal meistre ein jobbsituasjon i samarbeid med andre og med samfunnet omkring. Gjennom **praksisen** får studentane dessutan erfaring med korleis kunnskap både frå PRAKTINF og frå andre fag ein har, kan brukast i yrkeslivet. Studentane ser i hovudsak ut til å få sjå nyttige samanhengar, sjølv om det rett nok blir avgrensa tid med fem veker praksis på halv tid (15 veketimar).

Innhaldet i emnet ville nok blitt **breiare utvikla** gjennom eit meir omfattande kurs, særleg med lengre praksis. Ein utvida praksis ville innebera mindre anna fagleg innhald i ein BA-grad, noko som til no ikkje har vore aktuelt å gjennomføre.

Vurderingsforma (eksamen) er todelt med heimeoppgåver, dels med utfordrande praktiske problemstillingar bygde på undervisinga og dels presentasjon og vurdering av utvalde arbeidsoppgåver frå praksisen. Begge desse oppgåvetypane ser ut til å fungere godt som refleksjon, og vi har ikkje funne gode grunnar til å endre på dette gjennom åra. Vurderingsdelen (eksamensdelen) bygd på undervisinga kom inn i emnet nokre år etter oppstart for å knyte samanheng mellom undervisning og eksamen.

Emnet har dessutan **obligatoriske krav**. Det omfattar levering av nokre oppgåvesvar bygde på undervisinga, gjennomført praksis, og presentasjon og vurdering av praksisopphaldet på eit heildagsseminar. Desse krava fungerer greitt og stør opp om hovudformålet for emnet, som er praktisk kommunikasjon.

SPM. 4: Resultater fra studentevalueringer og eventuelt andre tilbakemeldinger som er aktuelle for emnet

SVAR 4:

Våren 2025 blei det gjennomført ei spørjeundersøking blant studentane, gjennom SurveyXact. Det var fleirvalssvar og opne svar. Av 12 studentar var det berre 2 som svara, og av dei har 1 svara berre delvis. Dette var etter purring. Vi har såleis lite å byggje på.

Vi spurde om kva for delar av undervisninga, inkludert videoane, som **var nyttig for praksis og som dei meinte kunne vera nyttige i framtidig yrkesliv**. Det veksle noko i svara, men ingen av undervisningstemaane ble oppfatta som heilt utan nytte. Tilbakemelding på oppgåvesvar fekk klart positive vurderingar. For praksisen melde begge at han var «For kort».

Vi stilte valspørsmål om det var andre tema dei kunne **ønske undervisning** om. Blant tema som blei markert av éin av dei to studentane, var intervju, nettsidevurdering, bilde og illustrasjonar, kjeldevurdering, språkføring (rettskriving, ordval, flyt og tekststruktur). Begge studentane markerte for bruk av statistiske opplysningar (tolking og framstilling). Ingen av dei to markerte val for krisekommunikasjon, bruk av video og meir skriveøving.

Alle tema som éin av dei valde, har vore tema tidlegare semester, men har vore nedprioriterte for å få inn anna, særleg sosiale medium og utforming av prosjekt (pitsjing). Krisekommunikasjon er ein liten del av undervisningsvideoane. Bruk av statistikk har ikkje vore tema tidlegare, og kan nok vera nyttig, slik det òg er med alle temaane ovanfor.

Det er lite rom for endringar i undervisning som følgje av svar og vurderingar ovanfor.

Ein av studentane skriv i ope svar at det vil vera vanskelegare å få god **praksis** på store enn på små arbeidsplassar fordi det tek lang tid å «bli ein del av maskineriet». Vår vurdering er at dette kan veksle, og har bl.a. å gjera med korleis ein arbeidsplass er organisert, og kor lett studenten blir del av eit avgrensa miljø. Men det er uansett ei viktig sak å passe på at det er eit miljø der studenten finn noko stabilitet og tryggleik.

På spørsmål om korleis **timeplanen** på PRAKTINF fungerte i høve til andre emne i same semester, svarte begge «Bra». Erfaringa vår er at nokre av studentane kvart semester, også dette, har slike kollisjonar. Det er uheldig fordi mykje av undervisninga vår byggjer på praktiske øvingar og vurderingar som blir raskt endra i samfunnet. Sidan emnet blir valt av studentar frå ganske mange ulike program, og kombinert med mange ulike emne, kan ein neppe klare å tilpasse dette betre. Dels har ein prøvd å halde undervisninga til same tider kvart semester, men det løyser ikkje tilpassingar for tider.

SPM. 5: Vurdering av samsvar mellom studentenes arbeidsmengde og studiepoenguttelling.

SVAR 5:

Samsvar mellom arbeidsmengde og studiepoeng ser ut til å passe bra. Av dei to studentane som svara på spørsmål våren 2025 om arbeidsmengda i høve til andre 15 studiepoeng-emne, svara éin «Meir» og éin «Om lag det same».

Praksisen og arbeidet med eksamenssvar krev nok meinst halv tids arbeid (slik 15 studiepoeng skal gjera), mens omfanget av lesing av pensum nok kan variere blant studentane. Dersom dei les og arbeider med det meste av pensumet, vil det etter vår vurdering vera minst så mykje arbeid som ein må vente for 15 studiepoeng.

SPM. 6: I de tilfellene emnet har praksis eller andre ordninger for kontakt med arbeidslivet, skal det evalueres om ordningen fungerer tilfredsstillende.

SVAR 6:

Det har alltid vore god dialog med praksisstadene. Det gjeld både når ein avtaler innhald før praksis, når studentane gjer meir detaljerte avtaler for praksisperioden, og dei samtalene vi har med kontaktpersonar på praksisstadene under praksisbesøk.

Vi har erfaring med at praksisstadene ønskjer å ha våre studentar hos seg. Det er blant anna fordi dei dels gjer nyttig arbeid, og fordi dei bringar inn nye og ungdommelege perspektiv. Det siste er ofte nyttig med tanke på korleis ein når unge målgrupper og andre som ikkje er innforståtte med kva dei ulike arbeidsplassane driv med.

Det er ikkje betaling nokon veg, korkje til studentane eller til praksisstaden.

Skriftlege avtaler mellom UiB, praksisstadene og studentane har det vore nokre gonger i tidlegare semester, men det førte til eit omfattande praktisk arbeid som ofte ikkje var fullført før praksistida. Det er dessutan eit spørsmål om prioritering av arbeidsressursar. Vi byggjer heller på formidling og semje munnleg og med e-post. Dessutan kan moglege uklarheiter bli tekne opp undervegs i praksisperiodar.

Utsifting av praksisstader frå semester til semester er det noko av, kan hende rundt fem ulike frå eit semester til eit anna. Og ofte kjem tidlegare praksisstader inn igjen. Utsifting og veksling er ei normal følge av at kontaktpersonar er ute i permisjonar eller skiftar arbeidsstader. Oftast er det ikkje praksisopphald på ein stad der ansvarleg for kommunikasjonsarbeid, som vil seia kontaktperson for PRAKTINF, er nyttilsett.

<>